

Bjørn Brekkan

Øvre Mjøs 11, 5939 Sletta

ISTANDSETJING/RESTAURERING AV GRINDLØE PÅ MJØS, RADØY. TILSTANDSVURDERING AV MURVERK

Eg viser til synfaring hjå deg på Mjøs den 25. november 2012. Tema for synfaringa var murverka i den gamle grindløa på garden. Du har bede meg å laga ei tilstandsvurdering og eit kostnadsoverslag. Vedlagt dette skrivet fylgjer ein power point-presentasjon, basert på dine foto, som viser ein del detaljar i murverka, vidare eit rekneark med kostnadsoverslag og ei skisse av den eine langveggen.

Skildring av murverket

Eg har ikkje tilgjenge til opplysningar om alderen til løa, og dermed murverket. Men ifylgje opplysningar du refererer frå sivilarkitekt Arild Sætre ved Kulturverntenesta i Nordhordland, har trekonstruksjonen nokre gamalvorne særdrag. Bygget skil seg også noko ut frå det vanlegaste mønsteret ved at ein heil langvegg, mot vest, i tillegg til den mykje brukte vernemuren i gavlen, er i mura i tørrmur.

Det må leggjast til grunn at bygget har høg verneverdi.

Den fylgjande skildringa vert supplert av power point-presentasjonen.

Bygningen er delvis bygd inn i terrenget mot vest slik at denne sida framstår med i hovudsak ei høgde medan austsida har to høgder, ku- og saueflor m.m. i fyrste høgda, kjellaren, og forrom/låve i andre høgda. Mot sør er gavlveggen opphavleg utført som tørrmur heilt til mønet. Toppen av denne muren er borte i dag slik at muren går til rafta. Øvste delen er per i dag erstatta med liggjande trekledning.

Den vestre langveggen er heilt ut reist som tørrmur, i snitt ca. 80 cm i tverrmål, berre avdelt av inngang til låven, 235 cm brei.

Den nordre gavlen er kledd med ståande trekledning. Bygningen er her fundamentert på ein låg grunnmur.

Austveggen byr fram eit samansett mønster av murverk som innramming av diverse dører og vindauge, jfr. målsett skisse og diverse foto. Tjukna på murane her er, til liks med i gavlveggen, jamt over ca. 100 cm.

Terrenget mot vest kan ha gjeve naturleg tilkomst til forroma oppe, men det kan også ha vorte lagt til massar for å letta transporten. På motsett side er det mura opp ei låvebru, godt og vel 150 cm inne ved bygget. Såleis kan ein tenkja at det har vore mogleg å dra lass med hest tvers igjennom bygget. Om dette har vorte gjort kan stå litt i motstrid til at det er lagt to trappesteg øvst på låvebrua mot aust.

I den delen av grunnmuren der kufloren ligg innanfor, i den nordlege delen av bygget, er murverket fuga med kalkmørtel.

I veggen utanfor floren er det tillaga eit "arrangement" som kan sjå ut som ei form for drenering. Ei skiferhelle er reist på høgkant opp mot veggen her. Anlegget fortener interesse og må sjåast nærmare på ved restaureringa.

Låvebrua på austveggen ser ut til å vera inkorporert i eit samla "system" av murverk som også omfattar ei steintrapp opp til andre høgda og ein murvange vendt innover i bygget som også fungerer som ei ekstra bering. Dårleg sikt og tilkomst gjorde det vanskeleg å få fullt oversyn over denne strukturen, men det er ingen ting som tyder på at det er skadar her.

Murane i bygget er utførte som klassisk godt handverk slik me kjenner det i frå regionen. Dei er jamt over av svært god kvalitet. Det er etter måten rikt med verktøyspor i steinen.. Det kan vera fleire alderslag i bygget, men det er uråd å seia visst utan at ein har kjennskap til bygghistorikken.

Skadar på murverket

Sørveggen. Gavlveggen mot sør er i underkant av 800 cm brei og ca. 400 cm opp til rafta. Delar av trekonstruksjonen, m.a. golvbjelkar er innfelte i murverket. Muren er avslutta med kinning mot aust, mot vest er han mura saman med langsgåande mur på vestveggen. Eit fotografi frå ca. 1974 viser at vernemuren har gått heilt til mønet. Mest truleg har det på eit tidspunkt oppstått skadar i denne delen av murverket, oppstått lekkasjar eller andre problem, slik at ein har valt å plukka ned steinen og laga en trevegg i røstet i staden. I samband med restaurering av løa vil det vera svært aktuelt og ynskeleg å føra tilbake denne delen av murverket. Elles kan ein sjå ein mindre setningsskade nede i murverket, om lag i mannshøgd litt aust for senterlina i gavlveggen. Endringar som heng saman med denne, kan også sporast på innsida. Å vurdera alvoret av ein slik skade er ei særdeles krevjande problemstilling. Ein kan på den eine sida ikkje koma bort ifrå at det her har skjedd ei uynskt endring i murverket. På den andre sida må ein prøva å vega den informasjonen ein sit inne med. Det er slike faktorar som grunnforhold og fundamentering. Ser ein på dei nedre skifta i muren, kan ein ikkje observera endringar. Det tyder på at det ikkje er svikt i fundamentet. Det er heller ikkje rapportert om synlege endringar til det verre dei siste åra. Dersom ein vurderer desse forholda opp imot kvarandre, vil eg konkludera med at det er tale om ein skade som ikkje er eit alvorleg trugsmål mot muren. Eg legg til grunn at ein med varsame inngrep kan gjera noko for å konsolidera murverket i dette partiet. Alternativet ville vera å demontera ein større del av gavlmuren, og såleis stå andsynes eit monaleg større prosjekt.

Vestveggen. Langveggen mot vest er i det store og heile i svært god stand. Ein kan ikkje sjå setningar nokon stad i murverket. Ved inngangsdøra til låven, mot sør, er ein del stein borte, utrasa eller fjerna. Ein ser elles at ein del stein i murkrona er komen noko i ulage langsetter heile muren.

Nordveggen. Nordveggen som er kledd med ståande bord, er reist på ein låg grunnmur. Det er ikkje sett skadar på denne, men steinane ligg heller lågt i høve til bakkenivået.

Austveggen. Også denne veggen er i rimeleg bra stand, men det er skadar på nokre punkt. Ved dør i søre delen har ein del av innervangen rasa ut (merkt 1 på skisse). Like

eins har det vore uro i murkrona tett ved låvebrua (merkt 2). Ein kan også sjå teikn til ei mindre utgliding i grunnskiftet i nord (merkt 3 på skisse), utan at det er teikn til dramatisk endring. På låvebrua er det ein skade i dei øvre skifta, ei mindre utrasing.

Framlegg til tiltak

1. Oppattmuring av røstet i sørveggen. Dette omfattar partiet ca. ifrå rafta til mønet. Muren skal leggjast som kistemur med avtrapping på sidene.
2. Reparasjonar i murverket i sørveggen. Dette omfattar varsame tiltak for å føra ein del steinar inn att på plass (t.d. med hydraulisk presse) og skording og pinning.
3. Tilbakeføring av murverk ved inngangspartiet på vestveggen
4. Tilbakeføring/tilordning av stein i murkrona på vestveggen.
5. Kontroll og evt. justering av steinar i grunnmur på nordveggen, mogleg påbygging av eit skift for å hindra kontakt mellom trevyrke og jord.
6. Kontroll og evt. justering av steinar i grunnmur på austveggen, nordre del, herunder sikring av fundament og grunnskift ved utgraving og ”undermuring” ved kinning (merkt 3 på skisse).
7. Utbetring av skade i murkrona sør for låvebrua på austveggen (merkt 2 på skisse).
8. Utbetring av utrasa parti av innervangen ved dør heilt i sør på austveggen.
9. Reparasjon av skade på låvebrua på austveggen.
10. Generell kontroll og justering av heile murverket, m.a. innsetjing av skorder og pinnar.

Kostnader

Samla kostnader er rekna til kr 179.688 inkl. mva. Sjå vedlagde kostnadsoverslag! Oppstillinga der skal ikkje forståast som eit pristilbod, men eit kvalifisert overslag til bruk i planlegginga av prosjektet.

Frekhaug, 27.11.12

Beste helsing

Haakon Aase

Vedlegg: 3